

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er ikkje endeleg godkjent før etter neste instituttrådsmøte 5.12.2007. Merknader til referatet må meldast til arve.uthaug@if.ub.no før desember-møtet.

Møtedato: 31. oktober 2007.

Til stades: *Frå gruppe A:* Ana Beatriz Chiquito, Margareth Hagen, Lillian Helle, Benedicte M. Irgens, Lene Johannessen, Pernille Myrvold, Beatrice Sandberg, Margery Vibe Skagen
Frå gruppe B: Anders A. Didriksen
Frå gruppe C: Jan A. Johansen, Julie T. Watkins
Frå gruppe D: Silje Drevdal, Inger Dyrnes, Harriet Cecilie Strømmen, Siri Vevle
Frå instituttleiinga møtte Leiv Egil Breivik og Arve Kjell Uthaug, begge utan røysterett.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader. Referatet ligg på www.framandsprak.uib.no under ”Informasjon for ansatte” og ”Saksdokumenter”.

Sak 2 – rereratet frå 3. oktober 2007

Godkjent utan merknader.

Sak 3 - orienteringssaker

- A. Instituttleiar Breivik orienterte om følgjande forskingsgrupper som er under oppbygging:
- grammatisk endring (forskarar frå IF og LLE)
 - fagdidaktikk (forskarar frå IF og LLE)
 - Europas grenser (Helge V. Holm m.fl. ved IF)
 - Omsetjing og tolking (Åse Johnsen m.fl. ved IF)
- B. Det blir felles julefest ved fakultetet 13.12. Instituttet har derfor ikkje lagt opp til eiga juleavslutning denne gongen, men det blir ei fagleg-sosial instituttsamling med førsteamanuensis Glenn Ole Hellekjær 28. november. Det blir òg arbeid med å få til eit par-tre slike samlingar i vårsemesteret, opplyste Breivik.
- C. Undervisningsutvalet ved instituttet hadde sitt første møte 30.10. Innkalling og referat er lagt ut på heimesida www.framandsprak.uib.no, under ”Informasjon for ansatte” og ”Saksdokument”.

Sak 4 – konstituering av instituttrådet

Sjå sak 2 frå rådsmøtet 3.10.

Rådet valde samrøystes Beatrice Sandberg til leiar (Sandberg røysta ikkje sjølv). Ana Beatriz Chiquito vart i møtet foreslått som nestleiar og vald ved akklamasjon.

Sak 5 – orientering om budsjettet og ”småfaga” ved fakultetet

Instituttleiar Breivik orienterte om budsjettsaka som var oppe i fakultetsstyret 30.10, der det var eit eige avsnitt om "Små fag og bredde i fagporteføljen – særlege utfordringer for HF". 2008-budsjettet er vanskeleg. Spørsmålet om å leggja ned små fag har vore lufta, og det same har andre problemstillingar: bør faga vurderast ut frå om dei er sterke eller svake heller enn små/store, må ein avgrensa undervisninga på visse fag til 100- og 200-nivå, bør ein justera ned stillingstalet på nokre fag for å justera opp andre til eit forsvarleg nivå (5-7 stillingar).

Fakultetet legg opp til å føra vidare dagens fagbreidde i 2008-budsjettet. Det vil bli gitt nærare orientering om budsjettet for 2008 på neste rådsmøte.

Sak 6 – ymse

- A. Pernille Myrvold viste til orienteringa om forskingsgrupper, og spurde om det òg var opning for liknande samarbeid mellom tilsette i undervisningsstillingar (lektorar). Breivik opplyste at forskingsgruppene òg vil vera opne for lektorar (og stipendiatar). Ein kan òg tenkja seg at personar i undervisningsstillingar søker saman og dannar ei eiga gruppe.
- B. Breivik opplyste at det vert arrangert eit seminar 12. november med fokus på rolla som fagkoordinator.
- C. Fakultetet kjem til å lysa ut 16 opne stipendiatstillingar i desember.

Beatrice Sandberg,
leiar av instituttrådet

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef